



Langesund Rotaryklubb  
**Rotary**  
Distrikt 2290



Møtereferat



## Veke 10, 9. mars 2022

President Tor Suhrke innleidde møtet på Skjærgården Hotell med å fortelje at Turid Isnes hadde bursdag 21. februar og Kari Herder Kaggerud 3. mars. Begge hadde runde år i fjor. Etter at han hadde fortalt om dramatiske hendingar på 9. mars gjennom historia – sjå den **blå** ruta – heldt Rolf Theil eit lite Tigris-innlegg om ei bok han nettopp har gitt ut, ei ABC på romanes, språket til dei norske romane (sigøynarane).

Som presidenten skreiv i innkallinga til møtet, hadde vi i kveld dessverre ikkje digital tilgang til møtet. Både *Teams*, *Meet* og *Go to meeting* har sine problem. Styret skal sjå nærmare på desse problema 16. mars; skal vi i det heile halde fram med digital tilgang no som pandemien går mot slutten?

Presidenten takka alle – ikkje minst arrangementskomiteen, Anne Wiik Stamsø, Kjersti Martinsen, Eva Solskjær Boxaspen og Berit Midtgaard – som bidrog til at jubileumsfesten laurdag 5. mars hadde blitt så vellykka. Rolf Heimdal med hjelparar fortener takk for å ha tatt seg av dei fire gjestene frå Vilnius RK, som òg hadde vore på tur i distriktet, på både sjø og land.

Møtet var i første rekkje vikt TRF-komiteen og kva klubben kan gjere i samband med krigen i Ukraina, som begynte då Russland invaderte landet 24. februar. Per 9. mars hadde over 2,1 millionar menneske flykta og situasjonen i landet er svært dramatisk. Eit godt utgangspunkt for diskusjonen var eit brev frå DG Sissel Berit Hoell, der ho fortalde om ulike initiativ i distrikt 2290: (i) sende pengar til medisinsk utstyr til Lviv RK, (ii) sende shelterboxar, (iii) sende pengar direkte til RI, (iv) søkje om omgjering av løyvde midlar til District Grants og (v) lokale prosjekt retta mot ukrainske flyktningar som har kome til Noreg. Ikkje minst Sissel Berit argumenterte mot å lage mange små lokale prosjekt, og for å samle inn pengar som kunne overførast til Lviv RK. Vi blei einige om at dette var ei god løysing.

På jubileumsfesten fekk klubben ei kasse med litauisk mat og drikke. Halvparten av dette blei lodda ut på møtet, og resten blir lodda ut på møtet neste onsdag. Inntektene frå loddsalet (kr 10 per lodd) skal gå til Lviv RK, og medlemene kan bidra ekstra ved å sende pengar til klubbkontoen, merkt *Gave Ukraina*. Det blei òg drøfta å opprette ein såkalla Spleis-aksjon på den opne Facebook-sida vår.

Leiaren i TRF-komiteen, Kari Herder Kaggerud, orienterte om andre TRF-prosjekt, og Rolf Heimdal mellom anna om <https://www.onedollarglasses.org>.

Endeleg var vi innom emna som blei tatt opp på peismøta 16. februar, og Steinar Skilhagen fortalde om det foreslåtte samarbeidsprosjektet med Bamble historielag og Bamble turlag om å setje opp 10–15 informasjonstavler langs kyststien, med informasjon om tidlegare tidars aktivitetar på ulike stader.

Rolf Theil, Langesund, 10. mars 2022.

### Kva har skjedd 9.3. gjennom historia?

Presidenten hadde funne fram hendingar som hadde med krig – eller kamp – å gjere:

**1831** I Frankrike ble fremmedlegionen opprettet for tjeneste i Nord-Afrika.

**1862** I USA sto det første sjøslaget i den amerikanske borgerkrigen.

**1945** I Tyskland startet de hvite bussene å frakte hjem norske og danske fanger – men ikke jøder – fra konsentrasjonsleirene.

**2007** I Norge trakk Gerd-Liv Valla som som LO-leder etter den såkalte Yssen-saken.